

Løpe- nr.	Oppslags- nr.	Namn i off. bruk / forslag	Vedtak	Namneobjekt	Merknader
1	313480	<i>Gutdal / Gutdalen / Guddal / Gudal /</i>	<i>Guddal</i>	Gard 14	Sjå vurdering i vedtaksbrevet.
2	(i matr.)	<i>Gutdal</i>	<i>Guddal</i>	Bruk 14/1	Jf. løpenr. 1
3	(i matr.)	<i>Gutdal</i>	<i>Guddal</i>	Bruk 14/2	Jf. løpenr. 1
4	(i matr.)	<i>Gutdal</i>	<i>Guddal</i>	Bruk 14/3	Jf. løpenr. 1
5	(i matr.)	<i>Gutdal</i>	<i>Guddal</i>	Bruk 14/4	Jf. løpenr. 1
6	(i matr.)	<i>Gutdal</i>	<i>Guddal</i>	Bruk 14/5	Jf. løpenr. 1
7	(i matr.)	<i>Gutdal</i>	<i>Guddal</i>	Bruk 14/6	Jf. løpenr. 1
8	(i matr.)	<i>Gutdal</i>	<i>Guddal</i>	Bruk 14/7	Jf. løpenr. 1
9	458220	<i>Gutdalsberget</i>	<i>Guddalsberget</i>	Berg	<u>Uttale</u> : /gutals'bærje/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Skrifttradisjon</u> : Gutalsberget i økonomisk kartverk frå 1985. <u>Høyringsvar</u> : Vivian Guddal peikte i den fyrste namnesaka på at Gutdalsfjellet og Gutalsberget burde skrivast på samme måte. <u>Tilråding</u> : Språkrådet tilrår skrivemåten Gutdalsberget. <u>Vurdering</u> : Jf. løpenr. 1.
10	435431	<i>Gutdalsfjellet</i>	<i>Guddalsfjellet</i>	Fjellkant	<u>Uttale</u> : Jf. løpenr. 1. <u>Skrifttradisjon</u> : Gutdalsfjellet i Norge 1:50 000 frå 1973, 1995, 1996 og 2007. <u>Høyringsvar</u> : Vivian Guddal peikte i den fyrste namnesaka på at Gutdalsfjellet og Gutalsberget burde skrivast på samme måte. <u>Tilråding</u> : Språkrådet tilrår skrivemåten Gutdalsfjellet. <u>Vurdering</u> : Jf. løpenr. 1.

11	1090856	Guddalsøyane	Guddalsøyane	Utmark langs Hjelledøla	Uttale: /gutals'ai:ane/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. Skrifttradisjon: Guddalsøyane i økonomisk kartverk frå 1967. Høyringsvar: Ingen. Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Gutdalsøyane. Vurdering: Jf. løpenr. 1 når det gjeld førelekken Guddals-. I etterlekken skulle ein i utgangspunktet ha venta ein uttale */-ei:ane/ (eigentleg /*òiane/), sidan diftongen ei i skriftspråket vert uttalt /ai/ lokalt, medan øy vert uttalt /ei/ (òì). Men i Fylkesarkivet si namnesamling ser det ut til å vera meir eller mindre gjengs med ein uttale /-aiane/ i Stryn for -øyane. Dette tyder nok på at det førekjem unntak i målføret frå det ein skulle venta etter skriftspråket i fordelinga mellom /ei/ og /ai/, jf. uttalen /hai:'stai:nen/ for Høysteinen fleire stader i Stryn. Det kan ikkje vera tvil om at det er ordet øy f. som ligg til grunn, her i tydinga 'låglande (med god grasvokster) langsmed elv', jf. Norsk Ordbok. Guddalsøyane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
12	1053616	Gutdalsvegen		Adressenamn	Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Gutdalsøyane. Kommunen er vedtaksorgan
13	1087400	Flinta	Flinta	Fjell i dagen	Uttale: /'flinta/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. Skrifttradisjon: Ikkje kjent frå offentleg bruk. Flinta står som skrivemåte i Fylkesarkivet si namnesamling. Reidar Holen, grunneigar på bruk 120/1, nyttar skrivemåten Flinta i ei namneliste han har sendt til Kartverket med framlegg til nye namn i kart. Han opplyser at dette namn på eit lite område i fjøra der det finst bergart som liknar på flint. Høyringsvar: Ingen høyringsvar. Tilråding: Språkrådet har ingen merknader til skrivemåten Flinta. Vurdering: Namnet Flinta kjem av ordet flint f. 'flintestein, hard, svartgrå kiselhaldig bergart'. i bunden form eintal. Skrivemåten er uproblematisk. Flinta vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

14	1087414	Lida	Lida	Li	Uttale: /'li:da/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. Skrifttradisjon: Ikkje kjent frå offentleg bruk. Lida står som skrivemåte i Fylkesarkivet si namnesamling. Reidar Holen nyttar skrivemåten Lida i ei namneliste han har sendt Kartverket, der namnet har merknaden "Lokalt namn på område mellom Merkingshogen og Ropen". I Fylkesarkivet si namnesamling står det: "Større område, heilt ut til merkjet." Høyringsvar: Ingen høyringsvar. Tilråding: Språkrådet har ingen merknader til skrivemåten Lida. Vurdering: Namnet Lida kjem av ordet li f. 'skrånande utmark (med beite eller skog)', i gamalnorsk hlíð eller líð. Punkt 3.8 i dei utfyllande reglane fastset følgjande: "Namneledd med ein nedervd lokal uttale som har nær samanheng med gammalnorske former, kan skrivast i samhøve med uttalen (lid for li, strond for strand)." Skrivemåten lid vart òg brukt i eldre nynorsk, og det er normerings-praksis for <i>d</i> i samsvar med dialekten i stadnamn i den delen av Nordfjord der målføra har halde på d for gamalnorsk ð. Det verkar difor rimeleg å ha med d-en i skrivemåten av namnet når det her òg er i samsvar med målføret. Lida vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 3.8 i dei utfyllande reglane.
15	1087401	Løypeelva	Løypeelva	Bekk	Uttale: /lai:pe'Elva/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. Skrifttradisjon: Ikkje kjent frå offentleg bruk. Løypeelva står som skrivemåte i Fylkesarkivet si namnesamling. Reidar Holen nyttar skrivemåten Løypelva i ei namneliste han har sendt Kartverket. Høyringsvar: Ingen høyringsvar. Tilråding: Språkrådet har ingen merknader til skrivemåten Løypeelva. Vurdering: Førelekken i dette namnet er ordet løype n. 'bratt stad der ein renner tømmer nedover'. I samansetningar er det best i tråd med norske rettskrivingsreglar å halda på e-en i slike ord, jamvel om han delvis kan verta slukt i talemålet. Sjå løpenr. 11 når det gjeld uttalen av -øy-. Løypeelva vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

16	1087490	Myrbærskora	Myrbærskora	Hylle	Uttale: /my:rbæ:r'skO:ra/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. Skrifttradisjon: Ikkje kjent frå offentleg bruk. Myrbærskora står som skrivemåte i Fylkesarkivet si namnesamling. Reidar Holen nyttar skrivemåten Myrbærskora i ei namneliste han har sendt Kartverket. Han opplyser at det er namn på ei hylle i terrenget med ei lita tjørn, og han skriv at det rundt tjørna er myrlendt og at det "veks molte, også kalla myrbær." Høyringsvar: Ingen høyringsvar. Tilråding: Språkrådet har ingen merknader til skrivemåten Myrbærskora. Vurdering: Myrbær er eit anna ord for anten 'molte' eller 'tranebær', jf. Norsk Ordbok, og tydinga 'molte' er dokumentert der frå m.a. Nord-Vestlandet, noko som stadfester opplysninga frå Reidar Holen. Opplysninga frå han avklarar soleis at mellomlekken -bær- må koma av bær n. og ikkje av t.d. berg, som ofte kan ha stum g, serleg i samansetningar. Skrivemåten -skora er i samsvar med rettskrivingsforma for ordet skor f. 'berghylle'. Myrbærskora vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
17	33529	Treføttingen / Treføtten	Treføtten	Stein	Uttale: /tre:'føten/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. Skrifttradisjon: Treføttingen i økonomisk kartverk frå 1967, der namnet lenge stod 300 m for langt mot aust. Treføtten står som skrivemåte i Fylkesarkivet si namnesamling. Reidar Holen nyttar skrivemåten Treføtten i ei namneliste han har sendt Kartverket. Han opplyser at dette var ein stor stein som låg oppå tri mindre steinar i fjøra. Dei vart øydelagde i samband med vegarbeid. På spørsmål om både Treføtten og Treføttingen er brukt lokalt, skriv han at Treføtten er rett namn. Høyringsvar: Ingen høyringsvar. Tilråding: Språkrådet skriv at namnet bør skrivast Treføtten i offentleg samanheng. Vurdering: Det er uvisst om skriftforma Treføttingen har grunnlag i eldre lokal talemålstradisjon, men det ser iallfall ikkje ut til at den namneforma er kjend eller brukt lokalt i dag. Det er den nedervde lokale uttalen som skal vera utgangspunktet for skrivemåten, og § 2 i lova definerer nedervd lokal uttale som "uttale som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk". Det er i dag berre /tre:'føten/ som er dokumentert som levande lokal uttale, og då er det den namneforma som må nyttast som grunnlag for skrivemåten. Treføtten vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.